



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

4987

094.12Z DRAVLAUSELVA

Marine Harvest Norway AS
Avd. Ferskvann
Postboks 4102, Dreggen
5835 BERGEN

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **17 FEB 2010**
Vår ref.: NVE 200700222-6 rv/ias
Arkiv: 313 /094
Dykkar dato: 19.12.2006
Dykkar ref.: 06/16623

Sakshandsamar:
Ivar Sægrov
57 83 36 72

Marine Harvest AS - Søknad om utvida produksjon av settefisk på anlegget Dravlaus i Dalsfjorden, Volda kommune i Møre og Romsdal

Vi viser til søknad datert 19.12.2006.

NVE gjev Marine Harvest AS løyve etter vassressurslova § 8, til å ta ut vatn frå Dravlauselva til produksjon av settefisk. Maksimalt planlagt vassuttak er 16 m³/min. Det skal sleppast ei minstevassføring til Dravlauselva på 50 l/s. Vassuttaket skal sikre grunnlaget for utviding og vidare drift av settefiskanlegget på lokalitet M VA0007 på Dravlaus i Volda kommune. Løyvet blir gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

Søknaden

Søknad frå settefiskanlegget M VA0007 på Dravlaus i Volda kommune om løyve etter vassressurslova § 8 for vassuttak frå Dravlauselva, vart oversendt til NVE med brev av 19.12.2006. Søkjar var då Pan Fish Norway AS. Anlegget er seinare overteke av Marine Harvest AS.

Grunnlaget for søknaden går fram av brev datert 19.12.2006 til Volda kommune med kopi til NVE der Fiskeridirektoratet gav følgjande omtale av søknaden:

"Fiskeridirektorat region Møre og Romsdal (FdirMR) oversender her ved kopi av søknad av 18.10.06 fra Pan Fish Norway AS om økning av produksjonsvolum for landbasert anlegg for oppdrett av settefisk av laks/ørret på lokaliteten "Dravlaus" (Reg.nr. M-VA-7; Lok.nr. 12214; 22V 1119-2 LP 406 918; av søker også benevnt "Dalsfjord") i Volda kommune. Anlegget er godkjent for en produksjon på inntil 1.000.000 stk settefisk. Det søkes om en økning til 1.000.000 stk."

For handsaming av søknaden:

"FdirMR ber om at De behandler søknaden etter plan- og bygningsloven samt legger søknaden ut til offentlig ettersyn i en periode på en måned. Søknaden skal i denne forbindelse annonseres i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanlig lest i området (jf. Forskrift av 22. desember 2004 nr. 1799 om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret § 9 tredje ledd).

Søknaden forutsetter også behandling og konsesjon etter vannressursloven. Denne behandlingen er det Norges Vassdrags og Energidirektorat (NVE), region Vest som utfører. Også denne behandlingen forutsetter utlegging til offentlig ettersyn. NVE og FdirMR finner det mest hensiktsmessig at søknaden legges ut til offentlig ettersyn for begge lovverk samtidig.

For behandling etter Vannressursloven må det minimum opplyses at selskapet søker om uttak av vann fra Dravlausvassdraget med kapasitet fra 10 til 16 m³/min."

Meir frå søknaden

Søknaden er basert på planlagt utviding av produksjonen frå 1 mill sjødyktig settefisk til 2.5 mill i året.

Frå søknaden refererer vi følgjande:

"Anlegget henter sitt vann fra et elveinntak ved kote 20 nederst i det 16 km² store Dravlausvassdraget (NVE nr 094.122). Midlere årstilsig i vassdraget er 86 m³/min, mens størst avrenning får en i forbindelse med snøsmelting i mai og juni med oppi over 150 m³/min. De nedbørsrike høstmånedene september og oktober har over 120 m³/min, og vintermånedene februar og mars har gjennomsnittlig oppunder 40 m³/min i avrenning.

Vannbehov er beregnet ut fra erfaringstall fra dagens drift samt at anlegget har tilgang på både 3,5 m³/min fra grunnvannsbrønn samt 10 m³/min med UV-behandlet sjøvann. Mattilsynet har imidlertid fremmet innsigelser mot bruk av UV-behandlet sjøvann grunnet nærhet til andre anlegg i sjø, slik at dette planlegges erstattet med et resirkuleringsanlegg med kapasitet på 26 m³/min tilknyttet det planlagte uteanlegget med store kar. Planlagt vannuttak fra Dravlauselven varierer da mellom 10 m³/min i desember – januar, 12 m³/min seinere på vinteren og på seinhøsten og opp til 16 m³/min i perioden mai til og med august."

På vinteren vil planlagt vannforbruk være større enn vanntilgangen i nærmere en tredel av døgnene, mens vannbehov på 16 m³/min fra mai til og med august ikke vil være noe problem i mai, mens det må suppleres med vannsparende tiltak i mer enn en tredel av døgnene i august. Utover høsten planlegges det lavere vannuttak, som vil holde i vel 90 % av døgnene fra september til desember. I periodene med begrenset mulighet for vannuttak, vil de planlagte vannsparingstiltakene på til sammen omtrent 30 m³/min, bestående av full resirkulering og bruk av grunnvann dekke behovet.

Biologisk mangfold og verneinteresser

Innenfor tiltakets nærområde er det fem rødlistearter av fugl, men ingen av disse artene er direkte knyttet til det berørte elvehabitatet. Det er ikke gjort registreringer av rødlistede karplanter, mose, lav eller sopp i området. Det er ingen områder eller objekter innenfor influensområdet som er fredet etter naturvernloven eller kulturminneloven. Det er ingen tap eller omdefineringer av inngrepsfrie naturområder som en følge av tiltaket. Tiltaket er vurdert å ha liten til ingen negativ konsekvens (0) for biologisk mangfold.

Fisk og ferksvannsbiologi

Dravlauselven har en liten bestand av sjøaure, kategorisert til 5a = moderat til lite påvirket bestand -

spesielt hensynskrevende, i elven. Det skal ikke være noen bestand av laks i vassdraget. Redusert vannføring ved en utbygging vil øke risiko for tørrlegging og tidvis også bunnfrysing i Dravlauselva i kalde perioder vinterstid. Sjøaurebestanden gir elven en middels verdi med hensyn på ferskvannsbiologi. Samlet konsekvens på fisk og ferskvannsbiologi er vurdert som middels til stor negativ konsekvens (- / ---). En minste vannføring på 3 m³/min vil sannsynligvis være tilstrekkelig for å avbøte dette.

Kulturminner

Det er ingen arkivopplysninger om automatisk fredete kulturminner eller gjenstandsfunn fra influensområdet. Det er imidlertid flere registreringer i nærområdet, og i influensområdet ligger ett kulturminne av nyere dato. Det knytter seg ingen vesentlige verneverdier til denne lokaliteten bortsett fra en viss lokalhistorisk betydning. Basert på eksisterende informasjon er verdien av området og potensialet for funn av kulturminner innenfor tiltaksområdet vurdert som middels, virkningen av tiltaket er vurdert til ingen til liten negativ. Samlet konsekvens mht. kulturminner og kulturlandskap vurderes derfor som liten negativ til ubetydelig (0/-).

Landbruk

Det er ikke landbruksvirksomhet i tiltaks- eller influensområdet, og følgelig vil ikke tiltaket få noen negative konsekvenser for dette fagfeltet.

Vannkvalitet, vannforsynings- og resipientinteresser

Det forventes ikke at tiltaket fører til endret vannkvalitet. Det er ingen utslipp som fører til forurensing langs den berørte elvestrekningen. Drikkevannsinntaket ligger ovenfor tiltaksområdet og tiltaket. Konsekvensen for vannkvalitet, vannforsynings- og resipientinteresser blir totalt sett vurdert som ingen (0).

Brukerinteresser / friluftsliv

Den eneste bruker- og friluftsmessige aktiviteten i influensområdet er et meget begrenset fiske etter sjøaure, som normalt utføres på relativt høye vannføringer. Det er ikke ventet at tiltaket i slike perioder vil ha liten betydning og tiltaket er samlet vurdert til å ha liten til ingen negativ konsekvens for friluftsliv og brukerinteresser (0/-).

Samfunnsmessige virkninger

Det er et gammelt kraftverk i Dravlauselva med uttak nedstrøms vannuttaket til fiskeanlegget. Dette har ikke vært i drift på mange år, og det er usikkert om det lenger er aktuelt å starte det opp. Forholdet mellom kraftverket og Pan-Fish Nonvay AS er regulert gjennom avtaler mellom partene. En utbygging av fiskeanlegget vil styrke og sikre lokale arbeidsplasser, Tiltaket er derfor samlet sett vurdert å ha en positiv konsekvens (+) for lokalsamfunnet."

Høyring og handsaminga av saka lokalt

Søknaden har vore på høyring i samsvar med prosedyrar som vist til ovafor. NVE var på synfaring den 02.04.2009. NVE har mottatt følgjande fråsegner til søknaden:

1. Volda kommune i brev av 16.04.2007.

2. Møre og Romsdal fylke i brev av 16.09.2009.

Volda kommune i brev av 16.04.2007:

"Vi melder med dette frå at Det Faste Planutvalet den 10.04.07, hadde føre ovannemnde som sak 34/07, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Det aktuelle areal er i kommuneplan vist utlagt til industriformål, med basis i eksisterande settefiskanlegg. Kommunen kan ikkje sjå at ei utviding slik det er vist i søknad gjev vesentlege endra føresetnader i høve til godkjent plan. Ut frå eit arealbruksomsyn har ein såleis ikkje merknader til søknaden.*
- 2. DFP viser til punktet om fisk og ferskvassbiologi i rapporten frå rådgivende biologer og ber rette mynde syte for at den tilrådde minstevassføringa på 3 m³/min. vert sikra."*

Møre og Romsdal fylke har konkludert slik i si fråsegn av 16.09.2009:

"Konklusjon


Vi viser til merknadene over og ber om at det blir stilt krav til ei minstevassføring på minst 3 m³/min ved eit eventuelt løyve til å auke produksjonen.

Vurdering

Dei miljømessige konsekvensane ved auka produksjon er gjennomgått i eige dokumentasjonsvedlegg utført av Rådgivende Biologer AS. Vi kjenner ikkje til ytterlegare naturfaglege registreringar i området enn det som er omtalt her. Vi har heller ikkje vesentlege merknader til rapporten.

Dravlausvassdraget har ei anadrom strekning opp til vassinntaket. I DN's lakseregister er sjøaurebestanden sett i kategori 5a=moderat til lite påverka bestand – spesielt omsynskrevjande. Ein reknar ikkje med at det er nokon laksebestand i elva, sjølv om det kan gå opp ein og annan laks. Hovudutfordringane med større produksjon vil vere auka vassuttak. Det går fram av konsekvensvurderinga at i periodar med lite naturleg tilsig vil vassføringa nedanfor inntaket blir vesentleg redusert, med fare for tørrlegging i kritiske periodar, særleg om vinteren."

Søkjar har motteke kopi av fråsegnene direkte frå kommunen og fylket. NVE har ikkje motteke skriftleg kommentarar, men har over telefon fått meddelt at søkjar ikkje har spesielle merknader til fråsegner som ligg føre.



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVEs) sine merknader.

Om søkjar

Søknaden vart fremma av Pan Fish Norway AS. Anlegget er seinare overteke av Marine Harvest AS som no driftar anlegget på Dravlaus.

Om søknaden

Marine Harvest AS sitt settefiskanlegg Dravlaus (registreringsnummer M VA 0007, lokalitetsnummer 12214) ligg ved Dravlaus på vestsida av Dalsfjorden i Volda kommune. Anlegget har hatt konsesjon på 1.000.000 sjødyktig settefisk sidan 22. april 1986, og søknaden gjeld utviding til 2,5 millioner sjødyktig settefisk. Ved utviding av produksjonen vil anlegget bli oppgradert både med omsyn på kar og røyrleidningar i vassforsyningsanlegget.

Marine Harvest AS søker om auka vassuttak frå 10 til 16 m³/min i frå Dravlauselva etter vassressursloven § 8.

I søknaden er det gjort greie for og lagt fram aktuell dokumentasjon på vassressursen i høve til vassforbruket som vil vere nødvendig for den planlagte produksjonsauken.

Vassuttak og hydrologiske verknader

Dravlausvassdraget (094.12Z) ligg på vestsida av Dalsfjorden i Volda kommune på Sunnmøre. Vassdraget har eit nedbørfelt på 16,1 km² med høge fjell både i nord og sør midt i feltet. I sør ligg Vardehornet med sine 1107 moh og Høgenipa med 1097 moh. I nord ligg Snøhornet med 1025 moh. Vassdraget består av fleire sidegreiner med nokre mindre innsjøar som hovudsakeleg ligg mellom 616 og 750 moh.

Smoltanlegget har i dag vassinntak i Dravlauselva omtrent på kote 20. Dette gjev ei fallhøgde på 15 meter ned til anlegget. Hovedvassforsyninga består av 2 stk vel 300 meter lange 400 mm PEH leidningar. I tillegg har anlegget etablert grunnvassbrønn med kapasitet på 3,5 m³/min og det har vore nytta et UV-behandla sjøvassinntak på 6 m³/min. Det er ved utvidinga planlagt å etablere eit anlegg for resirkulering av inntil 26 m³/min.

Nedbørfeltet i Dravlausvassdraget har ei gjennomsnittlig avrenning på 1,4 m³/s eller 86 m³/minutt.

Nedbør og avrenning følgjer oftast ikke gjennomsnittet. I kalde vintrar kan det være marginal avrenning frå nedbørfeltet.

Ved vurdering av vannuttak fra Dravlauselva, vil det være vassføring gjennom døgnet som er avgrensande og ikkje gjennomsnittleg månadvassføring. I halvparten av døgna i månedane januar til mars vil det være lågare vassføring enn 22 m³/min, medan det i 10 % av døgna vil være under 5 m³/min. På våren er det vesentleg høgre vassføring, og risiko for låge vassføringar er mindre. I april - juni vil det være under 12 m³/min kun i 3,5 % av døgna (eitt i kvar måned), medan det frå juli til september er større risiko for tørke og i 19 % av døgna vil være under 12 m³/min.

Vassbudsjett

Planlagt vassuttak fra Dravlauselva varierar mellom 10 m³/min i desember-januar, 12 m³/min seinare på vinteren og seinhaustes og opp til 16 m³/min i perioden mai til og med august.

Vinteren er den tida då planlagt vassforbruk på over 10-12 m³/min oftast vil være større enn tilgang på vatn frå vassdraget. På denne tida er temperaturen for den største fisken låg, slik at behovet for bruk av alternativ som resirkulering vil være eit godt og nødvendig supplement i nærare ein tredel av tida.

Tilsvarende vil et vassbehov på 16 m³/min fra mai til og med august ikkje være noko problem i 99% av tida i mai, medan det må supplerast med tiltak for å spare vatn i meir enn ein tredjedel av døgna i august. Utover hausten er det planlagt med eit lågare vassuttak, som vil halde i vel 90% av tida frå september til desember. Full resirkulering og bruk av grunnvatn vil gje tilsaman omtrent 30 m³/min og vil aleine vil dekke vassbehovet til settefiskanlegget. Disse to tiltaka vil i alle ovanfornevnte situasjonar dekke vassbehovet.

Verknader som tiltaket vil medføre:

Fordelar

- Prosjektet vil gi grunnlag for auka produksjon av settefisk og sikre lokal aktivitet og verdiskapning.
- Ein konsesjon gjer høve til å fastsetje ei minstevassføring og andre vilkår slik at NVE i framtida kan føre tilsyn med anlegget.

Ulemper

- Ei utviding av produksjonen vil medføre redusert vassføring i Dravlauselva på strekninga frå inntaket til settefiskanlegget og ned til sjøen. Utan vilkår som avgrensar vassuttaket kan det oppstå periodar med kritisk lita vassføring og fare for tørlegging av elvstrekkinga.

NVE si vurdering

NVE ser at planlagt utvida produksjon i settefiskeanlegget vil nytte ein større del av den samla vassressursen i Dravlauselva. Spesielt vil dette kunne gje utslag for restvassføringa i periodar med tilsig på nivå med midlare og låge vassføringar i vassdraget. Det er likevel slik at settefiskanlegget har vore i drift over ein periode på mange år. I periodar med lite tilsig har anlegget, slik NVE oppfattar det, nytta ein vesentleg del av tilsiget.

Det etablerte settefiskanlegget har ikkje hatt noko særskilt løyve for uttak av vatn og såleis heller ikkje vilkår om slepping av minstevassføring. Slik NVE vurderer informasjonen som ligg føre kan det vere noko uklårt om uttaket av vatn i periodar har vore slik at heile tilsiget ved punktet der inntaket er plassert har blitt nytta. Tørlegging av [redacted] frå inntaket og ned til sjøen (anadrom strekning) er etter NVE si vurdering ikkje [redacted]. NVE er samd med fylket som meiner at det bør fastsettast minstevassføring slik at elva [redacted] strekninga blir sikra ei viss vassføring gjennom heile året. Det er ikkje dokumentert at elva har nokon "livskraftig bestand" av anadrom fisk, og det er heller ikkje fokusert på at den aktuelle elvstrekkinga har gunstige naturlege vilkår for at ein slik bestand kan bli etablert.

NVE ser det slik at sjølv om elvesubstrat og falltilhøve på strekninga set klare avgrensingar fiskeproduksjon og ev. utøving av fiske, er det eit viktig mål å sikre at levetilhøva for fisk blir vektlagt gjennom eit vassføringsregime som hindrar tørlegging.

I ei samla vurdering legg NVE i nok grad vekt på at settefiskanlegget gjennom året vil nytte ein relativt liten del av den samla vassressursen. Maksimalt vil vassuttaket kunne komme opp i ca 20 % av midlare vassføring gjennom året. Planlagt vassforbruk, slik det er skissert i søknaden og i høve til naturleg vassføringsregime i elva, vil likevel bli størst i periodar av året då tilrenninga til vassdraget oftast går ned mot lågvassføring. Det etablerte uttaket av grunnvatn vil vere avgjerande viktig i slike periodar. NVE ser det likevel slik at utan særskilte tiltak for å spare vatn, m.a. resirkulering, vil planlagt utviding av anlegget ikkje vere forsvarleg.

Ingen av høyringspartane går i mot at det blir gjeve løyve til utviding av settefiskanlegget. Møre og Romsdal fylke og Volda kommune har rådd til at det blir fastsett krav til minstevassføring til Dravlauselva som minst bør vere på nivå med det som det er lagt opp til i søknaden. Det er også NVE si meining at ei vilkårsfesta minstevassføring forbi anlegget sitt inntak i Dravlauselva er viktig for å hindre tørrlegging av elva. Ei minstevassføring slik som føreslått i søknaden, og som har fått tilslutnad frå høyringsinstansane, vil etter NVE si vurdering i rimelege grad vere ei akseptabel løysing.

Oppsummering

NVE legg i vurderinga vekt på at tiltaket vil betre grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget og dermed sikre vidare drift og arbeidsplassar knytt til anlegget. Planlagt auke i vassuttaket og utvida konsesjon vil ikkje i vesentleg grad gje verknader for vassdraget som er annleis enn det som har vore situasjonen med drifta av det eksisterande anlegget. NVE vurderer det likevel slik at det må settast vilkår om ei fast minstevassføring til Dravlauselva. Ei moderat minstevassføring vil kunne hindre tørrlegging som vil vere uheldige for fisk andre vasslevande organismar i elva.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av planane og dei fråsegner som føre, meiner NVE at fordelane ved tiltaket er større enn skader eller ulemper for ålmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Marine Harvest AS får på dette grunnlag løyve etter vassressurslova § 8 til vassuttak frå Dravlauselva til drift av selskapet sitt settefiskanlegg på Dravlaus. Vassuttaket skal, i samsvar med søknad, vere avgrensa til maksimalt ca 16 m³/min (270 l/s). Det skal sleppast ei fast minstevassføring forbi inntaket i Dravlauselva på 3 m³/min (50 l/s). Anlegget skal etablerast med tiltak for å spare vatn slik det går fram av søknaden.

Løyvet blir gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

Kommentarar til vilkåra

Post 1. Minstevassføring og vassuttak

[Redacted] fisk og andre vasslevande organismar i og ved vasstrengen skal det sleppast ei minstevassføring gjennom heile året til Dravlauselva på minimum 50 l/s. Minstevassføringa skal sleppast frå inntaket i Dravlauselva. Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Aktuelle data skal leggjast fram for NVE ved førespurnad. Den tekniske løysinga for å dokumentere slepping av minstevassføringa skal vere ein del av godkjenning av detaljplanen for anlegget.

Vassuttak:

Vassuttaket skal vere avgrensa til maksimalt 16 m³/min og i samsvar med det uttaksmønster som er oppgjeve i søknaden. Vassmålar skal installerast og vassuttaket loggførast kontinuerleg.

Post 2. Byggjefristar m.v.

Fristen gjeld også for etablering/ombygging av anlegget for vassuttak frå Dravlauselva. Plan for tiltaket må være godkjent av NVE etter vilkåra i post 4, og arbeidet være sett i gang innan tre år etter at dette løyvet er gjeve. Vidare må arbeidet fullførast i normalt tempo.

Post 3. Konesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konesjonæren pliktar å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta å gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osb. Om slike øydeleggingar ikkje er til å unngå, skal rette fagmynde underrettast i god tid.

Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve m..v.

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE og sendast til NVE sitt regionkontor i Førde i god tid før arbeidet vert sett i gong. Detaljar med prosjektet som ev vegar, landskapsmessige tilhøve, anordning for nedtapping, inntak, vassleidningar m.v vil liggje under denne posten.

Eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget skal gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

Post 5. Naturforvaltning

Eventuelle pålegg i medhald av vilkåret må være relatert til skader forårsaka av tiltaket og stå i forhold til tiltaket sin storleik og verknadar. Konesjonæren pliktar etter nærare pålegg av fylkesmannen å sørge for at tilhøve i vassdraget er slik at dei stadeigne fiskestammene i størst mogleg grad opprettheld naturleg reproduksjon. Fylkesmannen kan gje pålegg om å kompensere for skadar på den naturlege rekruttering av fiskestammene ved tiltak.

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å påleggje konsesjonær å etablere tersklar, eller gjere andre biotopjusterande tiltak som bygging av tersklar, utdjuping av kulpar i elvelaupet mv. dersom dette seinare skulle vise seg naudsynt.

Dersom inngrepa fører til erosjonsskadar, fare for ras eller overfløyming, eller aukar faren for at slike skadar vil inntreffe, kan NVE påleggje konsesjonæren å koste sikringsarbeid eller delta med ein del av utgiftene med dette.

Klage

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Andre merknader

Privatrettslige tilhøve er forhold som må avklarast direkte mellom partane.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Vedlegg: 1

Kopi: Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Volda kommune, Rådhuset, 6100 VOLDA
Fiskeridirektoratet, Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Vassdragskonsesjon

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000.

gis tillatelse til

uttak av vatn frå Dravlauselva til produksjon av settefisk

Meddelt: Marine Harvest AS - Avd. Dravlaus

Dato: 17 FEB 2010

Varighet: Ubegrenset

Ref: NVE 200700222-18

Kommune: Volda

Fylke: Møre og Romsdal

Vassdrag: Dravlauselva

Vassdragnr.: 094.122

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000, gir Norges vassdrags- og energidirektorat under henvisning til søknad av 18.12.2006 og vedlagt brev fra NVE om bakgrunn for vedtak

Marine Harvest AS - Avd. Dravlaus

konsesjon til uttak av vatn til produksjon av settefisk fra Dravlauselva i Volda kommune, Møre og Romsdal på følgende vilkår:

1. vannslipping

Vannslipping: Det skal slippes en fast minstevannføring gjennom hele året på 50 l/s til Dravlauselva fra inntaket til settefiskanlegget. Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevannføring skal hele tilsiget slippes som minstevannføring.

Det skal etableres en måleanordning for registrering av minstevannføring. Dataene skal forelegges NVE ved forespørsel.

Vannuttak og vannmåler: Maksimalt vannuttak skal ikke overstige 16 m³/min.

Konsesjonen gjelder vannuttak i samsvar med den fremlagde planen til produksjon av settefisk og kan ikke gjøres gjeldende for andre former for utnyttelse. Det skal installeres vannmåler for dokumentasjon av vannforbruket i settefiskanlegget.

2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen bortfaller hvis ikke arbeidet er satt i gang senest tre år etter at den ble gitt, jf. vannressursloven § 27. Det samme gjelder hvis arbeidet deretter blir innstilt i mer enn to år. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen en gang med inntil tre nye år.

3. Konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift m. v.

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og driften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent.

Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene for anleggsveger, massetak og plassering av overskuddsmasser.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trengs for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

5. Naturforvaltning

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av fylkesmannen

- a. å sørge for at forholdene i Dravlauselv på den aktuelle strekningen er slik at de stedegne fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig,
- b. å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d. å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av fylkesmannen å sørge for at forholdene for plante og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

6. Automatisk fredete kulturminner

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredede kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. Ferdsel m.v

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utlengjengelige.

8. Terskler m.v.

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprensninger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget

Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

9. Hydrologiske observasjoner, kart m.v.

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentliges interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

De tillatte reguleringsgrenser markeres ved faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle karter som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anleggene, skal sendes Statens kartverk med opplysning om hvordan målingene er utført.

10. Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av regulerings virkninger for berørte interesser. Undersøkelsesrapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

11. Varslingsplikt

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant.

12. Kontroll med overholdelsen av vilkårene

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av Olje- og energidepartementet til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen

erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av Olje- og energidepartementet.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressurslov § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et rettstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.

Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan det ilegges overtredelsesgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven §§ 60a og 63 første ledd bokstav c.



Rune Flatøy
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef